



Hjelmeland kommune

Det Kongelige olje- og energidepartement

Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref..
08/2846-

Vår ref.
14/567-6/14/8957

Arkivkode:
K54

Dato:
24.06.2014

REVISJON AV KONSESJON FOR REGULERING AV ÅRDALSVASSDRAGET, STØLSÅNA OG LYSEVASSDRAGET MV. - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Hjelmeland kommune viser til tidlegare uttalar til saka om revisjon av konsesjon for Årdalsvassdraget, både kva gjeld krav til revidert konsesjon og til saksbehandlinga av revisjonssaka.

Hjelmeland kommune er glade for at OED nå endeleg tek saka opp til behandling, og ein forventar at saka blir ferdig behandla i 2014.

Hjelmeland kommune ønskjer å gjenta, og understreka, nokre av dei mest vesentlege punkta i våre krav til revidert konsesjon:

- Hjelmeland kommune ber om at ein får krav til minstevassføring på Nes (oppstraums samlopet med Lyngsåna) på 2 m³/s om vinteren (16.10 – 30.04) og 4 m³/s om sommaren (01.05 – 15.10).
- Kommunen ber også om at NVE tek omsyn til at det kjem vatn med Lyngsåna, også i periodar med låge vassføringar. Dersom ein held på at målestasjonen skal vera på Kaltveit, nedstraums samlopet med Lyngsåna, så må minstevassføringssmålet kompenseraast tilsvarande +50% i henhold til Ambio-rapporten av 1.6.2003: «Vurdering av målepunkt for minstevannføring sin påvirkning av vannføring og vanddekt areal Årdalsvassdraget». Rapporten er vedlagt.
- Hjelmeland kommune meiner at sleppstaden skal vera Breiava.

Kommunen ser i utgangspunktet positivt på at tilleggskonsesjonane frå 1961 og 1962 også blir revidert nå, då dette gir eit meir heilskapleg bilet av dei reguleringane som påverkar vassføringa i Årdalsvassdraget.

Det viktigaste er likevel at ein får revidert konsesjon for Årdalsvassdraget og at ein får innført krav til minstevassføring i Storåna. Først og fremst for å gi gode nok levevilkår for laks og sjøaure, som har lidd under for lita vassføring alt for lenge. Difor ønskjer kommunen at tilleggskonsesjonane frå 1961 og 1962 blir tatt opp til revisjon nå, berre dersom heile revisjonsarbeidet kan slutførast i 2014.

Dersom ein ved å ta inn revisjon av 1961- og 1962-konsesjonane i denne runden, forseinkar revisjonen av 1948-konsesjonen slik at den ikkje kan fullførast i 2014, ønskjer kommunen at desse tilleggskonsesjonane ikkje blir tatt med i denne omgang.

Kommunen ønskjer å understreka at det også bør setjast krav til minstevassføring i Tusso. Dersom ein ikkje skal vurdera dette i samband med revisjonen av tilleggskonsesjonen frå 1961, må dette takast opp i samband med revisjonen av Ulla-Førre konsesjonen.

Med helsing
Plan og forvaltning

Torborg Kleppa
rådgjevar jordbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
24.06.2014	Vannføring Nes-Kaltveit (2)	188966